



Abo Plan & Arkitektur As
Postboks 291
5203 Os

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/10041 - 22/69443

Saksbehandlar:

Kristin Nielsen

kristin.nielsen@alver.kommune.no

Dato:

14.09.2022

Tilbakemelding på merknader til referat frå oppstartsmøte - Austmarka sentrum - planID 12602017000500

Vi viser til innsendte merknader – datert 05.09.2022 – til referatet frå oppstartsmøtet, og telefonsamtale frå avdelingsleiar og fagansvarleg hos dykk, Aina Tjosås, same dato.

De har bede om desse endringane i referatet frå oppstartsmøtet:

1. De ber om at punkt 4, avkryssing for at planinitiativet ikkje er i samsvar med overordna plan, bustader i sentrumsføremålet, vert endra til at planinitiativet er i samsvar med overordna plan, KDP Radøy 2011-2023, delrevisjon 2019.
2. De ber om at punkt 5, om KU (konsekvensutgreiing), vert endra til at planinitiativet ikkje fell inn under KU-kravet, og at det må endrast til at dette ikkje er aktuelt.

Vi har på nytt gått grundig gjennom endringane de ber om, og konkludert med at punkta vil bli ståande som dei er i det utsendte referatet frå oppstartsmøtet, datert 31.08.2022.

Grunngjeving

Dei to punkta de ønskjer endra, heng tett saman. De finn, som tidlegare opplyst, utfyllande grunngjeving i saksframlegget for «Planinitiativ til avklaring», under kapittelet «Sentrumsføremål», saksnr 081/22, vedtaksdato 16.06.2022. Her er både punktet om bustader i sentrumsføremålet og KU omtalt. Når det gjeld KU, viser vi særleg til punkt 4, avsnittet «Konsekvensutgreiing» på side 12 i referatet frå oppstartsmøtet. Vi har, som snakka om i oppstartsmøtet og som skrive i referatet, ikkje kravd at det skal gjennomførast KU, men kryssa av for at dette skal vurderast nærare.

Når de no skal varsle oppstart av planarbeidet, vil vi få tilbakemelding på desse to punkta gjennom høyringsprosessen. Difor har vi bede om at saksframlegget frå den politiske handsaminga av planinitiativet følgjer planinitiativet, slik at høyringspartane får heile biletet, der både dykkar syn er utfyllande forklart, og der også administrasjonen og politikarane sitt syn går fram. På bakgrunn av dette vil høyringspartane, særleg dei offentlege, gjere sine eigne, fagleg baserte vurderingar og gi

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

deira tilbakemeldingar. Politkarane har all rett til å endre administrasjonen sine framlegg til vedtak, som administrasjonen då følger opp, men administrasjonen er likevel pliktig til gjennom planprosessen å informere om dei faglege vurderingane knytt til overordna plan.

Ved fremjing av dykkar syn i saka har de peika på at planinitiativet er politisk godkjent, og at sidan det i planinitiativet frå dykk er skrive at det ikkje er i strid med KDP Radøy og ikkje fell inn under KU kravet, er det dette som gjeld. Politkarane har, som de kjenner til, på dette tidspunktet vedteke at planinitiativet går vidare til oppstart av reguleringsplanarbeid, i tråd med plan- og bygningslova (pbl) § 12-8, 2. ledd. Dei har ikkje gått inn i alle detaljane og førehandsgodkjent innhaldet, og ville heller ikkje hatt mynde til det på dette tidspunktet. Planprosessen har starta ved at politkarane har opna for den, og pbl gjeld i sin heilskap gjennom prosessforløpet, der medverking er ein vesentleg faktor fram til vedtak av reguleringsplan.

Med helsing

Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kristin Nielsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Abo Plan & Arkitektur As
Abo Plan & Arkitektur AS

Postboks 291
Postboks 291

5203
5203

Os
OS